

## E134 HAUKELIVEGEN AS

Organisasjonsnummer 982 420 857

## ÅRSMELDING FOR 2021

## INNLEIING

E134 Haukelivegen AS vart stifta 10. januar 2001 under namnet Haukelivegen AS og har vore i vanleg drift etterpå. Selskapet endra namn i 2013 til E134 Haukelivegen AS, samtidig som føremålet blei utvida til å omfatte RV23.

*Føremålsparagrafen er etter siste endringar slik:*

*Selskapet har som føremål å arbeide for utbygging og standardheving av transportkorridoren E134 Karmøy-Frogn, RV36 Seljord-E18 og sambandet E134-Bergen. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren når dette styrker arbeidet for korridoren. Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingsselskap. Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål. Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet.*

Overskot/underskot skal disponerast etter norske lover og vedtekter. Selskapet skal ikkje betale utbyte.

## ARBEIDET I 2021

Det vart i 2021 halde 5 styremøter, der ein handsama totalt 26 saker.

### Covid-19

Arbeidsåret 2021 har også vore annleis for oss som følgje av Covid-19. Likevel har selskapet vore representert på dei møter og konferansar som har vore mogeleg, både som deltakar og med innleiingar. Så langt vi kan og det er relevant, prøver vi å vere til stades og på den måten synleggjere våre interesser.

## NTP 2022-33

Fram til Stortinget si handsaming av NTP 2022-33 i juni 2021 vart det arbeidd systematisk for å gjera regjeringa sitt framlegg til NTP enda betre. Diverre vart det ikkje noko heilskapleg vedtak i Stortinget med fleirtal. E134 kom relativt bra ut regjeringa sitt framlegg til NTP, og vi er gla for at det også kom ei startløyving på 500 mill til Bakka- Solheim i første 6-års perioden. I tida etter valet har vi fokusert på å skapa dialog inn mot den nye transportkomiteen, samt sentrale folk i den nye regjeringa.

Gjennomslaga for E134 ved Stortinget si handsaming av NTP 2022-33 kan oppsummerast i tabellen nedanfor:

Frå NTP-dokumentet	Sum	Statleg 2022-27	Annen finansiering/ Bompenger	Statleg 2028-33	Annen finansiering/ Bompenger	
Oslofjordtunnelen	4831	1739	3092			Bunde prosjekt
Saggrenda - Elgsjø	2234	1234	1000			
Røldal-Seljestad	3061	2535	526			
Husøyvegen	130	130	0			
Bakka - Solheim	0	500	0			
Dagslett - E18	3811	567	0	1420	1824	Kjem seint pga regulering
Sum	11323	6705	4618	1420	1824	

## Synleg på digitale og fysiske kanalar

Det har vore stor digital aktivitet også i 2021. Særleg har selskapet fokusert på å vera aktiv og synleg på sosiale media.

Eit av måla til nystarta dagleg leiar var å reise systematisk rundt og besøke alle dei ulike eigarkommunane. I samband med dette vart det i 2020 produsert videoar med dei fleste ordførarane i eigarkommunane. I 2021 har vi fokusert enda sterkare på videoar med viktige aktørar innan transportbransjen og ulike «vareeigarar» som er heilt avhengig av transport.

I den digitale satsinga har det vore tett samarbeid med Luddikom v/Mathilde Pettersen.

### **Reiseverksemd**

Det har vore gjennomført følgjande reiser, når det har vore mogeleg i høve korona:

**Januar:** Transportmøte Haugesund/Aksdal og videoopptak Vindafjord/Gismarvik

**Februar:** Reise Odda og Røldal med videoopptak

**Mars:** Kakemarkering Seljestad vedr ny Røldalstunnel .

**Juni:** Reise Odda – digital generalforsamling, kakemarkering Etne og Meheia.  
Videoopptak Gausta og møte Bjørnefjorden kommune.

**August:** Reise og deltaking Arendalsveka, deltaking Rosendalveko og Hydrogensymposium i Odda.

**September:** Møte med NAF-Bergen på Kokstad, reise Etne og Haugesund

**Oktober:** Reise til Seljord og Rauland med møter og videoopptak. Møte med NAF-Vestlandet på Ullensvang hotell.

**November:** Vegkonferanse på Notodden med brei deltaking. Møte Asplan Viak og deltaking på konferanse om Hordfast.

### **Møtepunkt med politikarar**

Påverknad mot nasjonale politikarar i 2021 har også skjedd mykje digitalt som følge av Covid-19.

- Digitale møter med enkeltrepresentantar og partigrupper opp mot endeleg handsaming av NTP i Stortinget.
- Digitale møter inn i regjeringsapparatet på statsråd og statssekretærnivå.

### **Utover dette har det også vore gode møtepunkt opp mot:**

- Statens Vegvesen
- Andre samarbeidspartar, m.a. regionråd (Kongsbergregionen, Vest-telemarkrådet, Hardangerrådet, Haugaland Vekst og Samarbeidsrådet i Sunnhordland) og næringsorganisasjonar som NHO, NLF, Fikse næringsforening og Næringsforeningen Haugalandet.

### **Arrangement og konferansar**

Selskapet har i 2021 vore med og arrangert 2 vegkonferansar med brei og god deltaking, i tillegg var vi tilstades på Arendalsveka:

- **AKSDALKONFERANSEN:** 8.april i Tysvær/Haugesund digitalt. Tema E39 og E134. Arrangørar: Haugaland Vekst (koordinator), E134 Haukelivegen AS, Hordfast AS, Næringsforeningen i Stavanger-regionen, Bergen næringsråd, Haugesundregionens Næringsforening, Stord næringsråd, NHO Rogaland, Fikse næringsforening.
- **ARENDAVSVEKA :** I samarbeid med Hordalandsdiagonalen AS hadde vi stand på Arendalsveka. Her delte vi ut moreller frå Hardanger, og fekk svært mange gode og nyttige møtepunkt. Denne deltakinga vart finansiert av prosjektmidlar frå Sparebankstiftinga Hardanger.
- **E134 - VEGKONFERANSE:** 18.november i Notodden i samarbeid med Vest-telemarkrådet, Kongsbergregionen, NLF, NHO Vestfold og Telemark samt Vegforum øst-vest.

### **Anna**

Av formelle/praktiske saker styret og administrasjon har arbeidd med, er:

- Arbeidsplanar og budsjett
- Strategisk tilnærming i påverknadsarbeidet fram mot NTP 2022-33
- Avvikling av digital generalforsamling 11.juni 2021
- Løpande økonomirapportering og plassering av bankinnskot

## STYRE OG ADMINISTRASJON

Styre 2020-2022	Varamedlemer 2020-2022
Roald Aga Haug, ordfører i Ullensvang, styreleiar	1. Leif Malvin Knutsen, Næringslivet (attval)
Edvard Mæland, nestleiar Vestfold og Telemark FK (NY)	2. Bjørg Tveito Lundefaret, Nome kommune (NY)
Jon Rikard Kleven, Vinje kommune (NY)	3. Anne Nora Oma Dahle, Vestfold og Telemark FK (NY)
Arve Helle, Vestland FK (NY)	4. Ragnfrid Sønstabø, Bømlo kommune (NY)
Arne Bergsvåg, Rogaland FK (attval)	5. Siri Blickfeldt Dyrland, Midt-Telemark kommune (NY)
Lene Conradi, Asker kommune (NY)	6. Petter Ellefsen, Næringslivet (attval)
Trine Meling Stokland, Haugesund kommune (NY)	7. Siri Klokkestuen, Etne kommune (attval)
Ruth Grete Ø. Eriksen, Sveio kommune (NY)	8. Vilde Ingeborg H. Håvardrud, Kongsberg kommune (NY)
Bengt Halvard Odden, Hjartdal kommune (NY)	9. Eivind Tokheim, Ullensvang kommune (NY)
Hilde Thorud, næringslivet, (attval)	10. Hans Inge Myrvold, Kvinnherad kommune (NY)

## Valkomit 

Petter Steen jr (Haugesund,leiar), Kari Anne Sand (Kongsberg), Anne Aasmundtveit (Kviteseid/n ring), Torgeir N ss (Kvam) og Gry Fuglestveit (Notodden).

## Styrehonorar

Styrehonorar er utbetalt i samsvar med generalforsamlingsvedtak.

## AKSJON ERFORHOLD

Selskapet har ved  rsskiftet ein aksjekapital p  kr. 460.000, fordelt p  45 aksjon rar. Aksjekapitalen er fullt innbetalt.

Det vart ogs  nokre endringar p  eigarsida p  grunn av endringar i strukturen for kommunar og fylkeskommunar. Som eit resultat av dette har 1 kommune (Asker) no ein st rre eigardel enn dei andre aksjon rane.

## Aksjon rane og aksjefordeling pr. 31.12.2021

Rogaland Fylkeskommune	10	Kvinnherad kommune	10	Asker kommune	20
Haugesund kommune	10	Vestfold og Telemark Fylkeskommune	10	Fyresdal kommune	10
Sanda kommune	10	Vinje kommune	10	Bamble kommune	10
Karm�y kommune	10	Tokke kommune	10	Porsgrunn kommune	10
Tysv�r kommune	10	Seljord kommune	10	Skien kommune	10
Vindafjord kommune	10	Hjartdal kommune	10	Vest-Telemark Kraftlag AS	10
Suldal kommune	10	Midt-Telemark kommune	10	Tide ASA	10
Vestland fylkeskommune	10	Kviteseid kommune	10	Notodden Utvikling AS	10
Stord kommune	10	Notodden kommune	10	Telemark Bilruiter AS	10
B�mlo kommune	10	Nome kommune	10	SD Cappelen ANS	10
Etne kommune	10	Tinn kommune	10	Midt-Telemark N�ringsutvikling A	10
Sveio kommune	10	Viken fylkeskommune	10	Fatland �len AS	10
Bj�rnafjorden kommune	10	Kongsberg kommune	10	Vest-Telemark N�ringsbygg AS	10
Kvam herad	10	Drammen kommune	10	<b>SUM</b>	<b>460</b>
Ullensvang kommune	10	Lier kommune	10		
Bokn kommune	10	Samnanger kommune	10		

## RESULTAT FRÅ DIGITAL SATSING

### Oppsummering

I 2020 vart E134 Haukelivegen AS ein av dei største på vegtemaer i Norge på plattforma Facebook, og vi har fortsatt veksten i 2021. Facebook-sida er vorte ein plattform kor folk kan engasjere seg for E134 i stor grad. Bodskaen vår har fått fleire grunnpilarar som alltid dukkar opp, både i dagleg leiar sine presentasjonar og på innlegga på Facebook. På den måten har vi jobba meir heilskapleg, slik at bodskaet og grafisk profil er å kjenne igjen uansett kvar ein finn den. Denne plattformen har vore, og er svært viktig i arbeidet vårt.

### Resultat

Her er nokre resultat frå arbeidet vårt i 2021:

- Auka følgjarar på sida frå 3752 (31.12.20) til 5101 (31.12.21).
- Vi har ein rekkevidde på ca 130 000 (samla på alle innlegg) per månad.
- Kvart innlegg har gått frå å ha ein rekkevidde på 2.000-10.000 til opp mot 20.000 unike brukarar.
- Dei få gongane vi annonserer er vi nede i låge 0,06-0,2 øre per engasjement/klikk på innlegg. Slike tall er sjeldne.
- Vi har treft målgruppa vår i svært stor grad. Både når det gjeld alder, kjønn og geografi.
- Auka delingsviljen på innlegg til publikum i svært stor grad. Skapt en arena der ein kan diskutere veg. Vi får fleire meldingar/kommentarar i veka av engasjerte for E134.




- Utvikla eit bodskap som slår an, som viser at veg er meir enn berre asfalt. Bodskapet er per no sett saman av fleire ulike søyler slik at vi i større grad kan ilegga E134 verdiar som tidlegare har vore ukjende/underkommunisert, men som er basert på fakta.
- Skaffa oss fleire synlege ambassadørar på Stortinget, noko som følgje av publikum sitt engasjement på FB.
- Skaffa oss fleire samarbeidspartnarar i form av næring i mange ulike bransjar, regionråd, ordførarar og fylkespolitikarar, NHO, LO m. fleire. Desse har også støtta oss offentleg gjennom video, tekst, deling og ulike møtepunkt.

Vi har hatt ei aktiv tilnærming til sosiale medier for 2021, likevel har vi hatt ein enda større bevisstheit til dette i møte med 2022. Vi har no også tatt i bruk LinkedIn der det er oppretta eige E134 Haukelivegen AS-side, samt at dagleg leiar skal delta i diskusjonar på plattformen.

Nedanfor er nokre av resultatata pr 31. desember 2021 synleggjort.


Totalt antall som liker siden: 5 101



Jevn vekst av liker på FB-side: Her ser du graf for korleis FB-sida har auka sidan 1. februar 2020 og fram til 31. desember 2021. Vi ser også eit svært lågt fråfall i dei som likar sida vår. I juli var det ein naturleg dupp pga. sommarferie og låg aktivitet.

### Total rekkevidde


Antall personer som har sett innhold fra eller om siden din. Denne målingen er et anslag.



Tilgjengelegheita vår på publikum er svært god: Utan å annonsere treff vi godt takka være talet liker på FB-sida samt delingslysten til følgjarane våre. Annonsering har likevel vore eit viktig verktøy å nytte for å treffe heilt nye menneske med budskapet. Vi ser også stor effekt av å gjenbruka innhald på plattformen.

### Reaksjoner, kommentarer, delinger med mer

Disse handlingene bidrar til at du når ut til flere personer.



Reaksjonar på innlegg: Vi ser at når vi aukar aktiviteten, aukar også reaksjonane. Derfor vil vi jobbe for at vi har ein jamn flyt på Facebook i framtida. Delingsvilja blant følgjarane våre er svært stor!

## RAMME/BYGGGE-OG PLANAKTIVITETAR

### Oppsummering

I tidlegare årsmeldingar har det vore detaljert omtale av rammer/bygge – og planaktivitetar. For nærare informasjon av dette så vil vi peike på Statens Vegvesen si heimeside <https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/finn-vegprosjekt/>

Her kan ein søke på E134.

### Finn veiprosjekter

Her kan du finne informasjon om mange av Statens vegvesens veiprosjekter i Norge.

Søk

24 treff Sorter på veiprosjekt ▾

Veiprosjekt	Vei	Fase	Kommune	Fylke
<a href="#">E134 Arm til Husøy hamn</a>	E134	Planfase	Karmøy	Rogaland
<a href="#">E134 Bakka-Solheim</a>	E134	Planfase	Vindfjord, Etne	Rogaland, Vestland
<a href="#">E134 Dagslett-kryss E18</a>	E134	Planfase	Lier	Viken
<a href="#">E134 Damåsen-Saggrenda</a>	E134	Åpnet	Kongsberg, Øvre Eiker	Viken
<a href="#">E134 Espelandssvingane</a>	E134	Byggefase	Vindfjord	Rogaland
<a href="#">E134 Gvammen-Elgsjø</a>	E134	Planfase	Hjertdal, Notodden	Vestfold og Telemark
<a href="#">E134 Gvammen-Vågsli (KVU)</a>	E134	Avsluttet	Vinje, Seljord, Tokke, Hjertdal, Kviteseid	Vestfold og Telemark
<a href="#">E134 Kolonneoppstilling Vågsli</a>	E134	Byggefase	Vinje	Vestfold og Telemark
<a href="#">E134 Kongsberg-Gvammen (KVU)</a>	E134	Avsluttet	Kongsberg, Notodden, Hjertdal	Viken, Vestfold og Telemark
<a href="#">E134 Mjøndalen-Langebru, midtdeler</a>	E134	Åpnet	Drammen, Øvre Eiker	Viken

Styret kjenner elles ikkje til forhold av betydning for vurderinga av selskapet si stilling og resultat, og som ikkje kjem fram av rekneskapen. Grunnlaget for framhald av drifta er etter styret sitt syn til stades. Det har etter utløpet av rekneskapsåret ikkje oppstått forhold som etter styret sitt syn har betydning for vurderinga av årsrekneskapen.

**Bergen, 14.mars 2022, (dokumentet er signert elektronisk)**

Styret i E134 Haukelivegen AS

Roald Aga Haug  
styreleder

Edvard Mæland  
nestleder

Arve Helle  
styremedlem

Arne Bergsvåg  
styremedlem

Trine Meling Stokland  
styremedlem

Ruth Grethe Østebøvik Eriksen  
styremedlem

Bengt Halvard Odden  
styremedlem

Jon Rikard Kleven  
styremedlem

Hilde Thorud  
styremedlem

Lene Øistesø Winger Conradi  
styremedlem

Pål Kårbø  
daglig leder